



# PLANSTRATEGI BREMANGER KOMMUNE 2022-2024

Vedteken av kommunestyret 16.06.2022 sak KST-028/22

## Innhald


1. Om planstrategien .....	Side 2
2. Viktige føresetnader for kommunen sitt planarbeid .....	Side 4
2.1 Nasjonale føringar .....	Side 4
2.2 Regionale føringar og kunnskap .....	Side 4
2.3 Lokale planar og styringsdokument .....	Side 6
3. Kommuneplan – samfunnsdelen og arealdelen .....	Side 7
3.1 Mål .....	Side 8
3.2 Hovudtema og gjennomgåande omsyn .....	Side 8
4. Utfordringane våre .....	Side 8
4.1 Folketalsutvikling – demografi .....	Side 8
4.2 Folkehelse .....	Side 10
4.3 Klimautfordringar, natur og miljø .....	Side 11
4.4 Beredskap/tryggleik .....	Side 13
5. Status på planar og prioriterte planarbeid i perioden – oversikt	Side 14

## 1. Om planstrategien

Etter plan- og bygningslova §10-1 skal kommunestyret minst ein gong i kvar valperiode og seinast eitt år innan konstituering utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi.

I planstrategien skal utviklingstrekk i kommunen som samfunn og organisasjon drøftast, og brukast som grunnlag for å vurdere planbehovet i kommunestyreperioden. Planstrategien skal byggje på kunnskapen vi har om kommunen, m.a Folkehelseoversiktsdokumentet, Klimaprofil, etc.

Planstrategien er retningsgjevande for kommunens planlegging og har ikkje direkte rettsverknad for innbyggjarane. Ved handsaming av planstrategien skal kommunestyret ta stilling til om gjeldande kommuneplan eller deler av denne skal reviderast, eller om planen skal vidareførast utan endringar. Det same gjeld om andre arealplanar (kommunedelplanar, reguleringsplanar) eller temaplanar skal vidareførast, reviderast eller opphevast, eller om det er behov for utarbeiding av nye planar. Planstrategien vert ein slags plan for plansystemet til kommunen. Planane og innhaldet i desse dannar grunnlaget for kommunen sitt samarbeid med andre aktørar i lokalsamfunnet og i regionen. Gjennom planprosessane etablerer vi ei felles forståing for kva som skal til for at kommunen skal utvikle seg i den retninga vi ynskjer. Planlegginga skal bygge på økonomiske og andre ressursmessige føresetnader for gjennomføring, og ikkje vere meir omfattande enn nødvendig.



Figur 1. Kommunal planstrategi i det kommunale plansystemet.

Utarbeidinga av planstrategi for inneverande kommunestyreperiode (2019-2023) vart forseinka, på grunn av at arbeid med samfunnsdelen og arealdelen til kommuneplanen har vore prioritert. Arbeidet vart varsla til nabokommunane og nasjonale/regionale høyringsinstansar 27.01.2020. Kommunen mottok seks innspel til planstrategien:

- Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) – viser til «Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing» og Rundskriv H-5/18 Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling. Dei viser til at planstrategien skal omtale behovet for oppdatering av eksisterande eller utarbeiding av nye planar i lys av forventa klimaendringar og tidlegare uønska naturhendingar.
- Statens vegvesen viser til sektoransvaret dei har, og viser til at planstrategien bør vere basert på strategiar for trafikktryggleik, framkome, klimatilpassing, miljø, samordna bustad, areal og transportplanlegging og nasjonal og regional transportplan. Dei oppmodar kommunen om å oppdatere kommunal plan for veg og trafikktrygging.
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane viser til nasjonale og regionale forventningar til kommunal planlegging. Dei minner om at geosynkronisering av planar er viktig for å sikre kontinuerleg oppdatering av den nasjonale planbasen til Kartverket, og at dette er viktig for å gjere det enklare for folk å medverke
- Vestland fylkeskommune viser til føringane som gjeld for planstrategiarbeidet, og nemner spesielt folkehelse og klima/miljø. Dei nemner hovudutfordringane som folkehelsedokumentet for fylket «Vestland – Folkehelseoversikt 2019-2023» og rapporten «Vestland – utfordringar for fylket og regionane».
- Fiskeridirektoratet region Vest påpeikar kor viktig det er å inkludere kystsona og marin sektor i arbeidet med ein planstrategi, slik at ein har klare rammer for arealbruk, utvikling og næringsverksemd. Dei ber kommunen legge særleg vekt på gyte- og oppvekstområda for kysttorsk, slik at desse vert verna for skadegjerande inngrep, og i samarbeid med dei andre kommunane i Nordfjord leggje til rette for akvakulturnæringa.
- Norsk Friluftsliv legg ved «Hurtigguide til lokalpolitikere ved rullering av planstrategi – Sikring av neste generasjons natur og helse», ein rettleiar med råd for korleis kommunen kan lukkast med å bevare naturgrunnlaget, sikre innbyggjarane attraktive friluftareal for rekreasjon og gode oppvekstvilkår for kommande generasjonar.

Informasjonen i innspela er forsøkt innarbeidd i planstrategien, samtidig som ein ynskjer å halde dokumentet kort og oversiktleg. Sidan det nyleg er vedteken samfunnsdel til kommuneplanen (oktober 2021) byggjer planstrategien i stor grad på denne, og det er lagt vekt på å gjere prosessen og dokumentet så enkelt som råd sidan det kun er to år att av planstrategiperioden.

## 2. Viktige føresetnader for kommunen sitt planarbeid

### 2.1 Nasjonale føringar

I fylgje dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging 2019-2023 skal FN sine berekraftsmål nyttast som grunnlag for den kommunale planlegginga. 2030-agendaen for berekraftig utvikling som FN si generalforsamling vedtok i 2015 har 17 utviklingsmål for å fremje sosial, miljømessig og økonomisk berekraft. Desse skal fungere som verdas felles arbeidsplan, for mellom anna å sikre sosial rettferd, god helse og stanse tap av naturmangfald og klimaendringar.



I tillegg er det fleire statlege planretningslinjer og rundskriv som skal leggjast til grunn for kommunen sitt planarbeid, m.a:

Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing  
Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging  
Rundskriv H-5/18 Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling  
Nasjonale føringar for arbeidet med oppdatering av de regionale vannforvaltningsplanene (19.mars 2019)

Oversikta er ikkje uttømmende, og informasjon om nasjonale føringar og kunnskapsgrunnlag innan aktuelle fagområde må innhentast ved oppstart av nye planarbeid.

### 2.2 Regionale føringar og kunnskap

«Utviklingsplan for Vestland fylkeskommune 2020-2024»

I utviklingsplanen, som er fylket sin planstrategi, er det utpeika fire ulike målformuleringar som relaterer seg til ulike berekraftsmål:

Mål 1 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg

Mål 2 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

Mål 3 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland

Mål 4 Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping  
 Under kvart mål er det utvikla fleire strategiar som skal bidra til at måla vert nådd.

«Klimaprofil Sogn og Fjordane» (Norsk klimaservicesenter, jan. 2021)  
 Klimaprofilen gjev eit kortfatta samandrag av klimaet, venta klimaendringar og klimautfordringar. Han er meint som kunnskapsgrunnlag og hjelpemiddel for overordna planlegging. Klimaendringane vil i Sogn og Fjordane særleg føre til behov for tilpassing til kraftig nedbør og auka problem med overvatn; endringar i flaumforhold og flaumstorleikar; jordskred og flaumskred, samt havnivåstiging og stormflo.

VESENTLEG AUKE	
 Ekstrem nedbør	Det er venta vesentleg auke i episodar med kraftig nedbør både i intensitet og førekomst. Dette vil også føre til meir overvatn
 Regnflom	Det er venta fleire og større regnflomar, og i mindre bekkar og elver må ein vente ei auke i flaumvassføringa
 Jord-, flom- og sørpeskred	Auka fare som følgje av auka nedbermengder
 Stormflo	Som følgje av havnivåstiging er det venta auke i stormflonivåa

MOGELEG VESENTLEG AUKE	
 Tørke	Trass i meir sommarnedbør, kan høgare temperaturar og auka fordamping auke faren for tørke om sommaren
 Isgang	Kortare isleggings sesong, hyppigare vinterisgangar samt isgangar høgare opp i vassdraga. Nesten isfrie elver nær kysten
 Snøskred	Med eit varmare og våtare klima vil regn oftare falle på snødekt underlag. Dette kan redusere faren for tørrsnøskred, og auke faren for våtsnøskred i skredutsette område

SANNSYNLEG UENDRA ELLER MINDRE	
 Snøsmelteflom	Snøsmelteflomane vil komme stadig tidlegare på året og bli mindre mot slutten av hundreåret

USIKKERT	
 Sterk vind	Truleg lita endring
 Steinsprang og steinskred	Hyppigare episodar med kraftig nedbør vil kunne auke frekvensen av desse skredtypane, men hovudsakleg for mindre steinspranghendingar
 Fjellskred	Det er ikkje venta at klimaendringane vil auke faren for fjellskred vesentleg

Tabellen over viser samandrag av venta endringar i Sogn og Fjordane frå perioden 1971–2000 til 2071–2100 i klima, hydrologiske forhold og naturfarar som kan ha verknad for samfunnstryggleiken, jf. klimaprofilen.

«Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033»

Planen har fire satsingsområde:

- Grøn næringsutvikling
- Innovative og inkluderande samfunn
- Areal til næringsutvikling
- Kompetanseutvikling i næringslivet

«Regional plan for vassforvaltning, med tilhøyrande tiltaksprogram»

Oversikta er ikkje uttømmende, og informasjon om regionale føringar og tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag innan aktuelle fagområde må innhentast ved oppstart av nye planarbeid.

## 2.3 Lokale planar og styringsdokument

Folkehelseoversiktsdokumentet skal leggjast til grunn for kommunen si planlegging.

Folkehelseoversiktsdokumentet for Bremanger kommune er frå 2017. Dette er under revisjon i 2022, men det er små endringar i hovudutfordringane.

Informasjonen i folkehelsedokumentet er henta frå Folkehelseinstituttet, NAV, fylkeskommunen, Statistisk sentralbyrå, kommuneprofilen mm.

Dokumentet peikar på fylgjande hovudutfordringar:

**1. Demografi:** Framskrivning av folketalet for Bremanger fram mot år 2040 viser nedgang og endra demografisk mønster. Stadig større del av innbyggjartalet vert over 67 år og også over 90 år.

**2. Låg kontroll med vasskvalitet:** Bremanger kommune har låg grad av kommunale vassverk og det er derfor liten kontroll med vasskvaliteten til innbyggjarane.

**3. Innvandrarar:** Arbeidsinnvandring utgjer ein stor del av innvandringa i vår kommune, og er med på å påverke den demografiske utviklinga i ønska retning. Nokre av desse har med seg familiar som det er utfordrande å komme i posisjon til å gje språkopplæring før skulestart. Det er helseforskjellar og sosiale forskjellar mellom etniske nordmenn og innvandrarar generelt. Slik ulikskap kan skape eller oppretthalde sosiale eller helsemessige problem

**4. Barn i husstandar med låg inntekt:** Vi registrerer ein auke i tal barn som bur i husstandar med låg inntekt. Dette kan henge saman med busetjing av flyktningar, auken i psykiske lidningar blant unge og/eller at fleire unge ser ut til å ha dårlegare tilknytning til arbeidsmarknaden.

**5. Unge utanfor arbeidsmarknaden:** Det er tendens til auka del personar mellom 15-29 år utanfor arbeidsmarknaden: Det er statistisk samanheng mellom låg inntekt og svak tilknytning til arbeidslivet.

**6. Muskel- og skjelettdiagnosar:** Kommunen ligg signifikant dårlegare an i høve muskel- og skjelett diagnoser enn i fylket og i landet.

**7. Diabetes 2:** Det er ein statistisk tendens til høg førekomst av diabetes 2.

**8. Sosialhjelp:** Vi ser ein tydeleg auke i utgifter til sosialhjelp frå 2013.

**9. Overvekt:** Vi ser ein tendens til overvekt blant ungdom og unge vaksne.

**10. Unge med psykiske lidningar:** Det er ein statistisk høg del innbyggjarar mellom 15-29 år med psykiske symptom/lidningar. Dette er samanfallande med hjelpeapparatet sine observasjonar.

«Strategisk næringsplan for Bremanger kommune 2014-2020», med tilhøyrande tiltaksplan, vart vedteken av kommunestyret 18.12.2014. Planen peikar ut sentrale næringar som skal prioriterast i kommunen sitt næringsarbeid:

- **Fiskeri og havbruk**
- **Fornybar energi**
- **Industri og leverandørbedrifter**
- **Reiseliv, oppleving og kultur**
- **Landbruk og skogbruk**

I planen er det valt ut 6 fokusområde:

- **Næringsvennleg kommune** : ein næringsvennleg kommune lyttar til næringslivet og tilpassar det offentlege tenestetilbodet til behova i næringslivet. Bremanger kommune vil bidra til dette ved å arbeide for eit samordna tenestetilbod.
- **Infrastruktur** : er viktig for å skape ein større og integrert bu-, arbeid- og næringsregion. Bremanger kommune vil difor prioritere å arbeide vidare med å utvikle infrastruktur på veg og sjø, samt elektronisk kommunikasjon.
- **Kompetanse og utdanning** : næringslivet i Bremanger kommune har ein relativ høg andel fagarbeidarar samanlikna med resten av landet. Bremanger kommune vil arbeide for auka samarbeid mellom skule og arbeidsliv, for å sikre næringslivet tilgang til rett kompetanse.
- **Attraktiv bu- og arbeidskommune**: attraktive bu og besøksområder er viktig for å tiltrekke seg innbyggjarar og besøkande. Bremanger kommune vil arbeide for å vidareutvikle bu og besøksområder i kommunen.
- **Organisering av næringsapparatet** : tydeleg og klar organisering av næringsaktiviteten i kommunen er viktig for å avklare roller og ansvar mellom kommune, næringsliv og innbyggjarar. Bremanger kommune vil etablere ei tydeleg organisering av næringsapparatet og utvikle ein samarbeidsmodell med Bremanger Næringsråd for å bidra til dette.
- **Omdømme, marknadsføring og rekruttering** : synleggjering av mangfald og muligheiter av arbeidsplassar i kommunen er viktig for rekruttering av rett kompetanse til næringsliv og kommune. Bremanger kommune vil arbeide for å skape eit godt omdømme og kunnskap om muligheitene i kommunen ved eit aktivt rekruttering- og marknadsarbeid.

### 3. Kommuneplan – samfunnsdelen og arealdelen

Kommuneplanen sin samfunnsdel er den overordna planen som skal vise kva utvikling vi ynskjer i kommunen. Kommuneplanen sin arealdel viser samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Kommunedelplanar og temaplanar skal byggje opp under samfunnsdelen og utviklinga vi ynskjer i kommunen, og handlar om viktige satsingsområde for å komme dit vi vil.

Planprogram for utarbeiding av samfunnsdel og revisjon av arealdelen til kommuneplanen vart vedteke desember 2018. Arbeidet med samfunnsdelen har pågått sidan nytt kommunestyre vart valt hausten 2019, og samfunnsdelen til kommuneplanen vart vedteken hausten 2021. Framlegg til ny arealdel har vore lagt ut til offentleg høyring og er under arbeid

for utlegging til 2.gongs offentleg høyring. Arealdelen er venta endeleg vedteken i løpet av 2022. Både samfunnsdel og arealdel vil såleis bli endeleg vedteken i denne planperioden.

### 3.1 Mål

Samfunnsdelen set mål for korleis vi vil ha det i Bremanger i framtida (overordna mål):

**Bremanger kommune er eit framtidretta samfunn som tek vare på naturgjevne fortrinn, kulturell identitet og som har levande lokalmiljø. Kommunen har høg bustads-, arbeids- og besøksattraktivitet og er i vekst.**

Samfunnsdelen skisserer delmål, og tiltak for å nå desse måla. Fleire av tiltaka går konkret på arealbruk, og er viktig å vidareføre i arealdelen for at planen skal kunne vere eit bidrag i arbeidet med å gjere Bremanger ein attraktiv stad for busetjing, etablering av bedrifter og destinasjon for turistar.

### 3.2 Hovudtema og gjennomgåande omsyn

Det er prioritert fire hovudtema i kommuneplanarbeidet:

- Arbeid/næring
- Bustader/bustadområde
- Fritid/kultur
- Kommunale tenester

Det er også peika på at **folkehelse, grøne val, infrastruktur og beredskap/tryggleik** må takast omsyn til i all planlegging. Dette er tema som går på tvers av teneste- og utviklingsområda, og som er sentrale for kommunen si utvikling.

Samfunnsdelen inneheld arealstrategiar, som set føringar for arbeidet med arealdelen til kommuneplanen.

## 4. utfordringane våre

### 4.1 Folketalsutvikling – demografi

Folketalet i kommunen har gått jamt nedover siste 20 år, med unntak av 2013 og 2014 då vi hadde ein mindre auke. I starten på 2000-talet var folketalet i kommunen nær 4000, medan det pr 4.kvartal 2021 var 3521. Som for mange andre kommunar i tidlegare Sogn og Fjordane, vise framskrivingane for folketal fram mot 2040 ein negativ tendens og det demografiske mønsteret er i endring. Ein større del av innbyggjarane blir over 67 år og over 90 år.

SSB sine framskrivingar til 2040 er baserte på tre ulike scenario for utvikling nasjonalt, desse har ulike føresetnader om komponentane som har innverknad på utviklinga av folketalet. Framskrivning for Bremanger (pr. 01.01.2022) er vist under og stadfester den negative trenden:

	Status 2021	Hovud alternativ	Lav nasjonal vekst	Høg nasjonal vekst
<b>Framskrivne alternativ 2040</b>	3550	3193	2965	3439

Redusert folketal gjev reduserte inntekter til kommunen, som igjen vil gje redusert tenestetilbod, og gjere kommunen mindre attraktiv for tilflytting. Reduksjon av del innbyggjarar i arbeidsaktiv alder gjev utfordring med rekruttering til arbeidsplassane i kommunen. Redusert folketal vil også redusere grunnlaget for t.d kulturaktivitetar, opplevingar og tenester (butikkar etc.).

Kommunen si fremste utfordring er såleis å stabilisere folketalet og helst få til ei auke. Dersom vi skal ha busetnad i bygdene i Bremanger i framtida, må vi gjere Bremanger-samfunnet attraktivt. I samfunnsdelen er det vist til resultat frå Telemarksforskning, om ulike faktorar som må til for at ein stad skal bli attraktiv som stad å bu, attraktiv for bedrifter og som besøkskommune.

For å gjere kommunen attraktiv for busetnad er dei mest sentrale tiltaka:

1. Stimulere til bustadbygging og renovering/oppgradering av eksisterande bustader
2. Skape sosiale møteplassar og sentra
3. Leggje til rette for betre kommunikasjon for pendlarar
4. Ta vare på innvandrarar og andre tilflyttarar
5. Sikre nærfriluftsområde

Tilgjengelege tomtar, og tilrettelegging for ulike bustadtypar, er såleis ein viktig føresetnad for den ynskta utviklinga. Kommunen skal ha spesielt fokus på fortetting i tettstadane og sentrumsutvikling, samtidig som det skal vere tilgjengelege tomtar i alle bygdene. Bustad og folkehelse skal sjåast i samanheng, slik at kommunen gjennom planlegging legg til rette for nok bustadar i gode bumiljø for alle, høve til trygg etablering i enten eigd eller leigd bustad, og stabile buforhold som fremjar velferd og deltaking. Det vil vere viktig å planlegge og legge til rette for attraktive og tilgjengelege bustadar for alle befolkningsgrupper.

Realisering av «Kystvegen mellom Måløy og Florø», der målet er ein 45 minutts region som omfattar ein samanhengande bu- og arbeidsmarknadsregion for kystkommunane Kinn og Bremanger, er viktig for å betre kommunikasjonen for pendlarar og sjølvstøtt også for næringslivet i kommunen. Detaljregulering av Fv. 614 Svelgen-Myklebust er under arbeid, og er venta vedteken i løpet av 2022. Neste steg i prosjektet vil vere fjordkryssing ytre Nordfjord, og det vil vere aktuelt å få utarbeidd ein kommunedelplan for fjordkryssinga. Premissar for dette planarbeidet må vere grundig avklart med Kinn kommune og Vestland fylkeskommune før oppstart. Bremanger kommune vil legge oppstart av planarbeidet inn i planstrategien i 2023, for å synleggjere behovet.

Det er nyleg utført kartlegging av friluftsområda i kommunen (ferdigstilt i 2022), og denne kartlegginga vil bli lagt til grunn for vidare arealplanlegging. Det er behov for å lage ei plan for ferdselsårene for friluftslivet, spesielt for å sikre tilgangen til nærfriluftsområde knytt til tettstadane.

Relevante berekraftsmål:



Planarbeid som er prioritert for å imøtekomme behova:

- Revisjon av arealdelen til kommuneplanen (ferdigstilling)
- Kommunedelplan fjordkryssing ytre Nordfjord
- Revisjon av reguleringsplanar for Svelgen, Hauge, Iglandsvik og Kalvåg
- Plan for friluftslivet sine ferdselsårer

#### 4.2 Folkehelse

Utfordringar som er peika på i Folkehelsedokumentet for Bremanger er m.a låg kontroll med vasskvalitet, noko som skuldast at mange av innbyggjarane ikkje er tilknytt kommunale vassverk. Den spreidde busetnaden i kommunen og dei store geografiske avstandane gjer at det er vanskeleg og dyrt å byggje ut og drifte kommunale vassverk, spesielt i dei spreiddbygde grendene. Det er 7 kommunale vassverk, 4 av desse har få abonnentar og fleire av desse har også utfordringar med vasskvaliteten. Utviding av eksisterande vassverk for å knyte til fleire abonnentar er ei prioritert oppgåve, som vil bidra til betre kontroll med vasskvaliteten til innbyggjarane. Gjeldande Hovudplan for vassforsyning er av eldre dato, og bør reviderast.

Integrering av innvandrarar og auka i tal barn som bur i husstandar med låg inntekt er også utfordringar som Folkehelsedokumentet påpeikar, i tillegg til høgare førekomst av ulike helseplager enn snittet i befolkninga (muskel- og skjelettlidingar, diabetes, overvekt, psykiske lidingar). Etablering av frivillegsentral og BUA med utlån av fritidsutstyr er tiltak som er med å redusere sosial ulikskap, og gje auka høve til fysisk aktivitet. Gjennom arealplanlegginga er det viktig å ivareta behovet for ulike bustadtypar, tilgang til friluftsansetning og sosiale møteplassar.

For å imøtekomme utfordringane som Folkehelsedokumentet peikar på er det viktig med tverrsektorielt arbeid. Dette vert vektlagt i planstrategien ved at ein i større grad vil lage temaplanar enn reine sektorplanar (t.d temaplan for barn og unge). Folkehelseomsyn og korleis kommunen skal arbeide med sosial utjamning i helse vil vere sentrale tema i desse temaplanane.

Relevante berekraftsmål:



Planarbeid som er prioritert for å imøtekomme behova:

- Temaplan for barn og unge
- Temaplan for vaksne
- Kommunedelplan for fysisk aktivitet
- Plan for friluftslivet sine ferdselsårer
- Kommunedelplan for vatn (vassforsyning, avløp, overvatn)

#### 4.3 Klimautfordringar, natur og miljø

Endra risikobilete i høve klimautfordringar skal leggjast til grunn i alt planarbeid. Som grunnlag for vurdering av klimaendringane vil Klimaprofil for Sogn og Fjordane (Norsk klimaservicesenter 2021) vere eit nyttig verktøy. Klimautfordringar knytt til ekstremver, flaum, stormflo, havnivåstigning, skredfare etc. må takast omsyn til både i arealplanlegginga og i beredskapsplanlegginga.

Arealdelen til kommuneplanen må vise korleis desse utfordringane vert teke omsyn til ved planlegging av ny arealbruk. Omsynet til flaum må også sjåast i samanheng med lokal overvasshandsaming, og kapasitet i vassdraget og behov for areal til infiltrerings- og drøyningstiltak må vurderast ved planlegging av ny utbygging og auka areal med tette flater.

Tap av naturmangfald og natur er saman med klimaendringar blant dei største utfordringane for verdssamfunnet i dag. Arealendringar er den største trusselen mot naturmangfaldet, både i Noreg og internasjonalt. Kommunen fekk i 2004 utført ei kartlegging av biologisk mangfald i kommunen, Biologisk mangfald i Bremanger kommune (Miljøfaglig Utredning, rapport 2004:2). Etter dette er det ikkje gjort kartleggingar i kommunal regi, men det er gjort fleire regionale og nasjonale kartleggingar både på landareal og i sjø i kommunen (m.a. kartlegging av regnskogsmiljø i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, Miljødirektoratet 2016, nasjonal kartlegging kyst, NIVA 2019), i tillegg til at private føretak har fått utført undersøkingar av naturmangfald i samband med konsekvensutgreiingar for større kraftlinetrasear, kraftverk etc. Kunnskapen frå desse undersøkingane skal vere tilgjengeleg gjennom naturbase ([www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)).

Naturtypelokalitetar, raudlistearter og vassdrag med kantvegetasjon skal takast omsyn til i arealplanlegginga. Kunnskapen om naturmangfaldet i kommunen må oppdaterast og vidareutviklast for å kunne gje grunnlag for god arealbruk og berekraftig økologisk utvikling. Det er ikkje planlagt nye kartleggingar i kommunal regi i strategiplanperioden, men

kommunen vil vurdere behovet fortløpande og følgje med på eventuelle kartleggingsprosjekt regionalt/nasjonalt og tiltaksmidlar som blir utlyst til dette føremålet. Det er viktig å få utarbeidd ein kommunedelplan for naturmangfald, men av kapasitetsomsyn er det ikkje råd å prioritere dette planarbeidet i denne planperioden. Det må difor vurderast ved neste revisjon av planstrategien i 2024. Av Bremanger kommune sitt store landareal er det kun om lag 2 % som er jordbruksareal (fulldyrka-/overflatedyrka jord og innmarksbeite). Ein god del av det dyrka arealet er brattlendt, og deler av det er ueigna for maskinell hausting med moderne utstyr. Det er ei utfordring at mykje av arealet kring tettstadane som er eigna for fortetting og vidare utbygging er flate og gode landbruksareal, og utbygging må balanserast opp mot jordvern og landbruksinteresser. Det er utarbeidd vurdering/temakart for kjerneområde for landbruk som skal nyttast som grunnlag for planarbeid, spesielt ved revisjon av arealdelen.

Tilstanden til vassførekomstane i kommunen er i hovudsak god. Det er ikkje mange vassførekomstar i kommunen som er konstant påverka av avløp, men det er svært mange små, private avløpsanlegg i kommunen. Vi manglar god oversikt over tilstanden på desse anlegga. For å sikre at alle avløpsanlegga i kommunen oppfyller reinsekrava i forureiningsforskrifta er det viktig med nok ressursar til kartlegging, tilsyn og oppfølging av dei små avløpsanlegga. Det er også utfordringar knytt til kommunale avløpsanlegg i tettstadane i kommunen, og fleire mål/tiltak frå tidlegare hovudplan for avløp (1998-2002) er ennå ikkje oppfylte. Arbeidet med oppfølging av avløp skal forankrast i ein eigen kommunedelplan for avløp og vassmiljø, eller alternativt integrerast i ein kommunedelplan for vatn.

Klimagassutsleppa i Bremanger kommune tilsvarar om lag 290 000 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar pr 2020, jf. Miljødirektoratet sine oversikter. Dette gjer at kommunen sitt utslepp pr innbyggjar vert svært høgt i høve til landsgjennomsnittet, jf. Kommunalbanken si nettside om klimarisiko. Industrien står for hovuddelen av desse utsleppa (om lag 240 000 tonn), og elles er sjøfart ein stor bidragsytar (om lag 35 000 tonn). Vegtrafikk står for kun ein liten del av klimagassutsleppa i kommunen (om lag 5000 tonn), der personbilar utgjer om lag 1500 tonn. Om lag 3500 tonn kjem frå landbruket. Samla utslepp av klimagassar har vore relativt stabile dei siste ti åra, med ein liten reduksjon i 2019.

Kommunen må setje mål for reduserte klimautslepp, både knytt til kommunale tenester og for samfunnet generelt, og det må planleggjast tiltak for å redusere klimautsleppa i kommunen. Kommunen si energi og klimaplan er frå 2009, og er planlagt revidert i planperioden. Ny plan bør ha ei tverrfagleg forankring for å sikre at planen blir eit godt grunnlag for vidare planarbeid og oppfølging av prioriterte tiltak gjennom innan alle kommunale ansvarsområde. Relevante berekraftsmål:



#### Planarbeid som er prioritert for å imøtekomme behova:

- Klima- og miljøplan
- Kommunedelplan for avløp og vassmiljø (evt integrert i kommunedelplan for vatn)
- Kommunedelplan for naturmangfald (vurderast neste planstrategiperiode)

#### 4.4 Beredskap/tryggleik

Bremanger kommune har ansvar for å ivareta innbyggjarane sin tryggleik. Lov om kommunal beredskapsplikt med krav til gjennomføring av overordna risiko- og sårbarheitsanalysar og utarbeiding av beredskapsplanar. Plan- og bygningsloven har reglar for å førebygge risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur. Heilskapleg ROS-analyse for Bremanger kommune vart godkjent av kommunestyret 19.06.14, men er under kontinuerleg utvikling. Hensikta med ROS-analyser er å redusere risikoen for, og konsekvensane av uhell, ulykker og katastrofar. Analysen er svært viktig for å kunne gjere hensiktsmessige og berekraftige val, spesielt i arealplanlegginga. Det er pr 2022 to storulukke-verksemder i kommunen, og desse må takast særleg omsyn til, både i høve risiko/beredskap og ved planlegging av ny arealbruk i nærområdet til verksemdene.

Overordna beredskapsplan for Bremanger kommune byggjer på den heilskaplege ROS-analysen, og vart godkjent av kommunestyret 25.09.14. Beredskapsplanen er eit dynamisk dokument som er under kontinuerleg oppdatering, og vert revidert minimum ein gong i året. Heilskapleg ROS-analyse for kommunen og overordna beredskapsplan skal leggjast fram for kommunestyret så tidleg som råd i kvar kommunestyreperiode.

Relevante berekraftsmål:



#### Planarbeid som er prioritert for å imøtekomme behova:

- Revisjon av overordna ROS-analyse (kontinuerleg)
- Revisjon av beredskapsplan (kontinuerleg)

## 5. Status på planar og prioriterte planarbeid i perioden - oversikt

Plantype	Namn på plan	Vedtaks år	Ny/ revidert plan	Ansvar	Merknad
Kommuneplan	Samfunnsdel til kommuneplan	2021	2021	Rådmann	
	Arealdel til kommuneplan	2004	2022	Plan og forvaltning	
Kommunedelplan  (Areal (A) Tematisk (T))	Kommunedelplan Botnane (A)	2015		Plan og forvaltning	
	Kommunedelplan Rugsund-Leirgulen (A)	2013/14		Plan og forvaltning	
	Kommunedelplan Davik (A)	2016		Plan og forvaltning	
	Kommunedelplan Bremangerbygda (A)	2007	2022	Plan og forvaltning	Innlemma i arealdelen til kommuneplan
	Kommunedelplan Fv 614 Svelgen-Myklebust (A)	2014	2022	Plan og forvaltning	Innlemma i arealdelen til kommuneplan
	Kommunedelplan for fysisk aktivitet (T)	2016	2022	Oppvekst, fritid og kultur	Årleg rullering av handlingsplan
	Kommunedelplan kulturmiljø (T)		2021	Oppvekst, fritid og kultur	Årleg rullering av handlingsplan
	Kommunedelplan trafikktrygging (T)	2021	2025	Plan og forvaltning	Årleg rullering av handlingsplan
	Energi og klimaplan (T)	2009	2022	Formannskapet	Politisk initiativ
	Kommunedelplan fjordkryssing ytre Nordfjord		2023	Samordnast med Kinn kommune og Vestland fylkeskommune	
	Kommunedelplan vatn		2024	Samfunn og utvikling	Tittel, omfang og avgrensing må avklarast.
	Kommunedelplan avløp og vassmiljø		2023	Samfunn og utvikling	Tittel, omfang og avgrensing må avklarast.
	Kommunedelplan naturmangfald		2025-2028	Plan og forvaltning	
	Kalvøya	2012			Delvis realisert
	Bustadfelt ved Steinset	2014			
	Kalvåg sentrum	1998	2023	Plan og forvaltning	

Plantype	Namn på plan	Vedtaks år	Ny/ revidert plan	Ansvar	Merknad
Regulerings plan (kommunale)	Trafikk-situasjonen ved Frøyen skule i Kalvåg	2012			Realisert
	Industriområde Smørhamn	2014			
	Langeneset bustadfelt	2009			
	Fortau Breivika	2009			
	Naustneset - sentrum Nord	2013			
	Kryss ved rådhus i Svelgen	2013			
	Gangvegssystem Riseelva	2010			
	Svelgen sentrum	2001	2024	Plan og forvaltning	Avhengig av status på kystvegen
	Hauge	1993	2024	Plan og forvaltning	
	Iglandsvik	2001	2023	Plan og forvaltning	
	Bustader og HDU-bustad Hauge	2013			Delvis realisert
	Friluftsområde Grotlesanden		2022	Plan og forvaltning	
	Bustadfelt Kolset	2017			Realisert
	Kai Leirgulen	2009			Delvis realisert
	Regulerings plan (kommunale), forts.	Holmaneset næringsområde	2010		
Strategisk næringsplan		2014	?	Kommune- direktør	
Strategiplan for miljøtilskot i landbruket		2020	2024	Plan og forvaltning	
Hamnestrategi		2021	2025	Hamnesjef	
Temaplan barn og unge			2022	Kommunalsjef	Erstattar «Strategiplan for oppvekstsektoren», 2011 og «Strategisk plan for helse og omsorg», 2012
Leve heile livet i Bremanger (temaplan for eldre)	2021		Kommunalsjef	Erstattar «Strategisk plan for helse og omsorg», 2012	

Plantype	Namn på plan	Vedtaks år	Ny/ revidert plan	Ansvar	Merknad
Strategi-/ temaplanar (forts.)	Temaplan for vaksne		?	Kommunalsjef	Erstattar «Strategisk plan for helse og omsorg», 2012
	Forvaltningsmål for hjorte-forvaltninga	2021	2024	Plan og forvaltning	
	Tiltaksplan for skog og utmark	2005			
	Plan for friluftslivet sine ferdselsårer		2023	Plan og forvaltning	Samarbeid med driftssjef kultur og fritid
	Plan for det psykososiale helseteamet	2019	Kvart 2. år	Driftssjef Familie og helse	
	Strategisk lønspolitikk i Bremanger kommune	2021			
	Seniorpolitikk i Bremanger kommune	2012			
	Kompetanse- og rekrutteringsplan	2018			
	Ruspolitisk handlingsplan	2012			
	Folkehelse-oversikts-dokument	2017	2022		
	Plan mot vald i nære relasjonar	2018			
	Beredskapsplan	2014	2024	Beredskaps-koordinator	Kontinuerleg oppdatering
	Overordna handlingsplan for HMT-arbeidet	2020	2022		